



I dag kom vassstemperaturen opp i 17 grader og i tråd med det auka belegget på badestranda i Stølavikjo, som mange etterkvart kallar Skulestranda. Dei badande rosar stranda for fin sandbotn, men dei har også nokre kritiske merknadar.

* Ein merknad gjeld tang og anna brask som ligg att frå ifjor. Her vil ein rask jobb med rive gjera underverker.

* Ein annan merknad gjeld fråveret av boisskorgar. Her får uskedalen.no opplyst at bosskorgane på skulen er flytta nærare stranda for å tjena eit dobbelt føremål, men dei badane meiner likevel at det er for langt unna.

Kven har ansvaret og tek det, spør dei badande, som heller ikkje har noko imot ein benk eller to plassert på halvøya.

Biletet: Golden retrieveren Vanilla gjorde ein god ryddeinnsats i dag, men mykje står att!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen